

Rammeverket i korte trekk

Ei rettleiing for språklærarar

Eva Thue Vold og Birgitta Hellqvist



English descriptors and graphics from the CEFR Companion Volume originated by, and used with the permission of, the Council of Europe. Translated material is published under the sole responsibility of the translator(s).

Norwegian descriptors from the CEFR Companion Volume translated from English by, and used with the permission of, the Norwegian Directorate for Higher Education and Skills.

© Council of Europe, April 2020

Citation reference of original source:

Council of Europe (2020), Common European Framework of Reference for Languages: Learning, teaching, assessment – Companion volume, Council of Europe Publishing, Strasbourg, available at www.coe.int/lang-cefr.

Original descriptors in English

Rettleiinga er skriven av Eva Thue Vold og Birgitta Hellqvist.

Ansvarleg redaktør: R. Steinar Nybøle

Grafisk design: GP-Media, Sarpsborg

Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

ISBN: 978-82-8195-092-4

Rammeverket i korte trekk

Ei rettleiing for språklærarar

Innhald

Innleiing	4
Rettleiingsstrukturen og korleis han kan nyttast	4
Rammeverket – bakgrunn og formål	5
Ei handlingsorientert tilnærming til språklæring	5
Fleirspråklegheit og interkulturell forståing	6
Berande omgrep i Rammeverket	7
Referansenivå	7
Deskriptorar	9
Domene	9
Den globale skalaen	9
Rammeverket i norske styringsdokument	10
Kommunikative språkaktivitetar	11
Resepsjon – lytte og lese	11
Produksjon – snakke og skrive	16
Samhandling	19
Mediering	23
Kommunikativ språkkompetanse	26
Rammeverket i klasserommet	30
Arbeid med språkleg medvit	30
Den europeiske språkpermen	34

Innleiing

Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning, vurdering (Rammeverket) blei første gong publisert på engelsk og fransk av Europarådet i 2001 (Council of Europe / Conseil de l'Europe, 2001) og kom i norsk omsetjing i 2011 (Utdanningsdirektoratet [Udir] / Council of Europe, 2011). Publikasjonen blei seinare oppdatert og utvida med tilleggskompendiet *Companion Volume*, først i ein foreløpig versjon (Council of Europe, 2018) og deretter i den endelege versjonen (Council of Europe, 2020). Den endelege versjonen kom i norsk omsetjing i 2022 (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) / Council of Europe, 2022). I det følgjande refererer vi til den endelege versjonen frå 2020 (2022).

Rammeverket har hatt omfattande innverknad på læreplanar og språkundervisning i ei lang rekkje land både i og utanfor Europa (Little & Figueras, 2022). I Noreg har Rammeverket hittil vore teke aktivt i bruk i faget norsk som andrespråk, mens påverknaden i engelsk- og framandspråkfaget har vore av meir implisitt karakter, men med Fagfornyninga og Kunnskapsløftet 2020 fekk vi eksplisitte referansar til Rammeverket i vurderingsressursane for læreplanen i framandspråk (Udir, 2020). Sjølv om Rammeverket ikkje er eit styringsdokument i Noreg, er det heilt klart at dei nasjonale styringsdokumenta for språkundervisning, som har ein lang kommunikativ tradisjon, byggjer på Rammeverket.

Denne rettleiinga spring ut frå ei erkjenning av at språklærarar har behov for å kjenne til kva for eit språklæringssyn som er lagt til grunn i Rammeverket, og kva for ein kompetanse som er forventa på ulike nivå. Målet med rettleiinga er å gi ei lett tilgjengeleg og kortfatta oppsummering av innhaldet i Rammeverket (2001, 2020) og ei konkret rettleiing i korleis desse dokumenta kan brukast i praksis. Rettleiinga rettar seg først og fremst mot lærarar i engelsk og framandspråk, men kan òg brukast av lærarar i norsk som andrespråk.

Rettleiinga er utarbeidd parallelt i ein norsk og ein svensk versjon i eit samarbeid mellom Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa (Framandspraksenteret) ved Høgskolen i Østfold, Noreg, og Fortbildningsavdelningen för skolans internationalisering (FBA) ved Uppsala universitet, Sverige. Birgitta Hellqvist har hatt hovudansvaret for den svenske utgåva, mens Eva Thue Vold har hatt hovudansvaret for denne norske utgåva. Professor Gudrun Erickson ved Göteborgs universitet og førsteamanuensis Gølin Kaurin Nilsen ved Universitetet i Stavanger har vore faglege konsulentar for arbeidet.

Rettleiingsstrukturen

Rettleiinga startar med å samanfatte det grunnleggjande språksynet i Rammeverket og forklare sentrale omgrep. Deretter følger ein gjennomgang av dei fire hovudtypane språkleg aktivitet, resepsjon, produksjon, samhandling og mediering, og ein kort presentasjon av strategiar som kan brukast for å utvikle desse ferdigheitene. Vidare blir tre hovudtypar språkleg kompetanse presenterte: lingvistisk, sosiolingvistisk og pragmatisk kompetanse. Undervegs i presentasjonen av språkaktivitetar og språkkompetansar gir vi døme på *deskriptorar*, det vil seie konkrete beskrivingar av kva innlærarar språkleg sett meistrar på ulike nivå. Til slutt diskuterer vi korleis lærarar kan bruke Rammeverket for å vidareutvikle si eiga undervisning. Vi gir praksisnære døme på korleis lærarar ved hjelp av Rammeverket kan motivere elevane for språklæring gjennom å gjere dei bevisste på sin eigen læringsprosess og synleggjere progresjonen i språkutviklinga deira.

Under overskrifta «Refleksjons- og diskusjonsspørsmål» har vi for kvart delkapittel samla spørsmål som eignar seg for eigenrefleksjon og diskusjon i språklærarkollegiet. På denne måten kan rettleiinga brukast som inspirasjon til læring i fellesskap og som kompetanseutvikling.

Appendiks 1 inneheld overordna deskriptorar for språklege aktivitetar og kompetansar sorterte etter nivå. Dokumentet gir ei rask oversikt over forventa kompetanse på ulike nivå og er meint som støtte til lærarar som underviser på eit bestemt rammeverknivå.

Rammeverket – bakgrunn og formål

Rammeverket er eit resultat av fleire tiårs arbeid i Europarådet og er omsett til meir enn 40 språk. Rammeverket presenterer det synet på språklæring, språkundervisning og vurdering av språkkompetanse som i dag ligg til grunn for dei nasjonale læreplanane i dei fleste europeiske land, kjenneteikn på måloppnåing og utarbeidinga av eksamenar og læremiddel i språk.


Det overordna formålet med Rammeverket er å forbetre kvaliteten på kommunikasjonen mellom europearar med ulik språkleg og kulturell bakgrunn, mellom anna gjennom auka mobilitet og meir direkte kontakt, noko som i sin tur vil føre til meir forståing og tettare samarbeid mellom folk og nasjonar (Udir / Council of Europe, 2011:xiii). To hovudmål er å oppmuntre språkbrukarar til å reflektere over språkbruk, språklæring og språkundervisning og gjere det enklare for språklærarar og innlærarar å snakke om kompetansemål og korleis ein kan nå dei. Rammeverket fremjar fleirspråklegheit og stimulerer til refleksjon og erfaringsutveksling for alle som arbeider med å organisere språkundervisning, utvikle læreplanar og læremiddel eller fastsetje kriterium og kjenneteikn på måloppnåing i språkfag. Med Rammeverket har desse gruppene fått eit felles omgrepsapparat som gjer det lettare å diskutere språkkompetanse og språktileigning på tvers av landegrensar.

Companion Volume (2020) utvidar det opphavlege Rammeverket (2001) med deskriptorar for kompetanseområde som mediering, fleirspråkleg og fleirkulturell kompetanse og teiknspråk. Companion Volume inneheld primært tillegg til 2001-utgåva, men i enkelte tilfelle har dei opphavlege deskriptorane fått ein noko endra ordlyd. Til dømes er omgrepet morsmålsbrukar, som var brukt i fleire deskriptorar frå 2001, bytt ut med samtalepartnar. Endringa er ei anerkjenning av at vi lærer språk for å kunne kommunisere med ulike grupper språkbrukarar, ikkje berre morsmålsbrukarar. I døma som er gitt i denne rettleiinga, bruker vi dei nyaste formuleringane. Formuleringane er henta frå den norske omsetjinga av Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022).

Meir informasjon om Europarådets språkpolitiske mål er å finne i 2001-utgåva av Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:2–4) og i Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022:11, 31–33).

Eit handlingsorientert språksyn

Rammeverket fastset ingen bestemt pedagogikk, men tek utgangspunkt i ei handlingsorientert tilnærming til språklæring. I ei slik tilnærming ser ein på folk som *sosiale aktørar*, det vil seie samfunnsmedlemmar (individ eller grupper) som i ulike kontekstar og situasjonar bruker dei samla ferdigheitene eller *kompetansane* sine til å utføre ulike språkhandlingar. Gjennom desse språkhandlingane utfører aktørane forskjellige *typar oppgåver* som ikkje er berre språkrelaterte: snakke i telefonen, poste eit innlegg på Twitter, søkje informasjon, handle mat eller klede, omtale ei bok, ein film eller eit spel, organisere ein paneldiskusjon, osv. Når vi skal løyse ei bestemt oppgåve, bruker vi dei språklege ferdigheitene våre når vi handlar, til dømes gjennom å skrive eller snakke (produksjon) eller gjennom å lese eller lytte (resepsjon). Vi bruker dessutan *strategiar* som passar til den gitte oppgåva i den gitte samanhengen (til dømes kan vi planleggje kva som skal seiast eller skrivast, vi kan formulere om eller bruke gestar for å bli forstått, vi kan korrigere oss sjølve). Den responsen vi får gjennom at vi lykkast eller mis-



Den handlingsorienterte tilnærmingen i et nøtteskall

lykkast med oppgåva, kan føre til at kompetansar og strategiar blir forsterka eller endra (Udir / Council of Europe, 2011:10).

Eit ofte brukt døme på språkundervisning i Rammeverkets handlingsorienterte ånd er *Task Based Language Teaching* (TBLT), *oppgåvebasert språkundervisning* (sjå til dømes Ellis, 2003). Kort forklart går TBLT ut på at språkinnlærarane gjennomfører oppgåver som er meningsfulle i den forstand at dei har eit klart formål utover det å øve språk for språktreninga si skyld. I arbeidet med oppgåvene bruker elevane målspråket for å innhente, bearbeide eller produsere informasjon. Resultatet blir presentert i eit produkt, til dømes ein plakat, ein videosnutt, eit diagram eller ein skriftleg tekst. Eit døme på ei slik oppgåve for nybegynnarnivå kan vere at elevane i ein klasse skal finne ut i kva for ein måned medelevane er fødde, og deretter rekne ut kva for ein måned som er den vanlegaste fødselsdagsmånaden. Alternativt kan ein la elevane finne ut kor mange søsken eller husdyr elevane i klassen har til saman. I desse oppgåvene må elevane bruke språket i interaksjon med kvarandre. Språkbruken er eit middel til å få fram visse opplysningar, og det å finne desse opplysningane er målet med oppgåva.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om ei handlingsorientert tilnærming i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:10ff; HK-dir / Council of Europe, 2022:33–34).

- Er undervisninga di/dykkar prega av ei handlingsorientert tilnærming til språklæring? Viss ikkje, korleis kan du/de utvikle undervisninga i ei slik retning?
- Er aktivitetane de gjennomfører i klasserommet, handlingsorienterte? Kva for nokon, i så fall?
- Diskuter kva samla kompetansar og ferdigheiter som trengst for å ta ein telefonsamtale, handle mat i ein butikk eller poste eit innlegg på Twitter.

Fleirspråklegheit og interkulturell forståing

Det er eit uttalt mål for Rammeverket å bidra til eit Europa med «fordomsfrie og flerspråklige borgere» (HK-dir / Council of Europe, 2022:32). Fleirspråklegheit og interkulturell forståing var sentrale omgrep i Rammeverket alt i 2001, og dei blei vidareutvikla i Companion Volume (2018/2020) med deskriptorar for fleirspråkleg forståing og for bruk av fleirspråklege og fleirkulturelle repertoar.

Fleirspråklegheit slik omgrepet er brukt i Rammeverket, viser til eit individ sitt samla repertoar av språkleg kompetanse. Det er ein ujamn kompetanse i stadig utvikling, der språkbrukaren sine ressursar på eitt språk (eller éi språkform / éin dialekt) kan vere svært forskjellige frå ressursane på eit anna språk, og der ressursane for enkelte ferdigheiter kan vere betydeleg meir utvikla enn ressursane for andre ferdigheiter. Til dømes kan ein elev mestre reseptive aktivitetar som lesing og lytting betre enn ein samhandlingsaktivitet som munnleg samtale. Andre kan vere sterke munnleg, men ha utfordringar med skriftspråket. Rammeverket anerkjenner og verdset slike delkompetansar, og ein treng ikkje mestre fleire språk flytande for å bli rekna som fleirspråkleg. Delkompetansane utgjør bitar av dei samla språklege ressursane som språkbrukaren kan trekkje på i prosessen med å tileigne seg nye språk. Fleirspråklegheit refererer til eit samla repertoar av språklege ressursar der alle ferdigheiter og delkompetansar har ein plass, verkar saman og kan nyttast på ein positiv måte i arbeidet med å lære fleire språk.

Fleirspråklegheit hos elevane gir eit godt grunnlag for å arbeide med språkleg metakognisjon, det vil seie medvit og refleksjonar rundt språk og språklæring. Fleirspråklege elevane kan samanlikne ulike språk og finne likskapar og forskjellar i ordforråd og språklege strukturar. Dei kan undersøkje korleis ord vandrar på tvers av språk, og korleis éin og same grammatiske kategori kan uttrykkjast ulikt på forskjellige språk. Slik kan språkkunnskapane elevane har frå før, bli ei bru når dei skal lære nye språk, og bidra til utvikling av den generelle kunnskapen dei har om språk og språkssystem.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om fleirspråklegheit og interkulturell forståing i Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022:34–36).


- Tenk på språka du sjølv (delvis) kan. Prøver du å halde dei kvar for seg, eller nyttiggjer du deg kunnskapar på tvers av språk? Diskuter med kollegaer og gi nokre døme.
- Samanliknar de ord og strukturar på tvers av språk i klasserommet? I kva grad får elevane høve til å byggje på kunnskapar i heimespråket/heimespråka?
- Har du elevar med språkleg eller kulturell erfaring frå målspråksområdet? Korleis får dei sleppe til med erfaringane sine?
- Korleis kan vi oppmuntre elevar til å dra nytte av språkkunnskapane dei har i andre språk, i innlæringa av eit nytt språk?
- Korleis kan vi stimulere elevane si interesse for dei ulike språka til klassekameratane?
- Kva for utfordringar ser du ved å spele på språk- og kulturbakgrunnen til elevane i undervisninga? Korleis kan ein på ein inkluderande måte finne ut kva for språk som finst i klasserommet, og bruke dei i undervisninga?
- I Rammeverket opptre omgrepet fleirspråklegheit gjerne saman med omgrepet fleirkulturalitet. Er desse to kompetanseområda nødvendigvis overlappende?

Berande omgrep i Rammeverket


I arbeidet med Rammeverket blei det utvikla ein terminologi for å lette forståinga av språk og språklæring og arbeidet med språkleg medvit hos både lærarar og innlærarar. Nedanfor presenterer og forklarar vi nokre av dei mest sentrale omgrepa i Rammeverket.

Referansenivå

Under arbeidet med Rammeverket blei det utarbeidd seks breie nivå som skulle dekkje heile det relevante læringsrommet for innlærarar i ulike språk i Europa (Udir / Council of Europe, 2011:26). Desse referansenivåa spenner frå A1 til C2, der A representerer basisnivå, B inneber sjølvstendig bruk av språket og C er avansert nivå. Kvart av dei overordna nivåa er delt i to delnivå. Desse delnivåa har fått eigne nemningar som uttrykkjer kvar språkbrukaren er på læringskalaen (sjå figur 1). Jo høgare nivå, desto større handlingsrom vil språkbrukaren ha når det gjeld å bruke språket. Dette er illustrert med den stadig veksande sirkelen i figur 2.



Figur 1: Referansenivå (Udir / Council of Europe, 2011:26, figur 1).



Figur 2: Referansenivå (HK-dir / Council of Europe, 2022:43, figur 3).

I norsk skule er det for framandspråkfaget sin del først og fremst A-nivåa som er aktuelle. For nokre språk kan B-nivåa etter kvart òg vere relevante, særleg for elevar som held fram med faget på nivå III. For engelskfaget kan både A-, B- og C-nivåa vere aktuelle, avhengig av kva for eit klasstrinn eleven er på.

Nivå A1 blir rekna som det lågaste nivået som kan beskrivast når det gjeld kreativ språkferdigheit. Men sjølv før ein språkbrukar når dette nivået kan han/ho utføre enkle oppgåver som å helse og seie *ja, nei, ver så god, takk eller unnskyld* – handlingar som til dømes turistar kan tenkjast å utføre i praksis, eller som elevar som nettopp har begynt med språket, kan utføre i enkle pedagogiske oppgåver. Allereie i Rammeverket 2001 blei det identifisert eit nivå under A1-nivå som kunne brukast til dømes i undervisninga av unge elevar (Udir / Council of Europe, 2011:41–42). I Companion Volume (2020) har dette nivået fått tittelen pre-A1.

Referansenivåa representerer eit kontinuum for språkleg utvikling, og det er ikkje noko skarpt skilje mellom dei ulike (del)nivåa. Ein innlærer kan til dømes vere på B-nivå i reseptive ferdigheiter, men på A-nivå i produktive ferdigheiter. Nivåa er ekspanderande meir enn lineære (jf. figur 2): Dei beskriv ikkje ulike trinn på ein stige, men eit kompetansefelt som stadig utvidar seg. Dei har heller ikkje innbyrdes lik avstand. Det krev til dømes meir å nå C1 frå B2-nivå enn å utvikle seg frå pre-A1 til A1. Dei seks nivåa er breie, og det kan vere store forskjellar i kompetansen mellom to innlærarar som er plasserte på det same nivået. Deskriptorane i Rammeverket skil derfor av og til mellom «kriterienivå» (til dømes A2 eller A2.1) og «plussnivå» (til dømes A2+ eller A2.2) innanfor eitt og same nivå (her A2). I tillegg blir utdanningsinstitusjonar oppfordra til å lage meir finmaska inndelingar av bestemte nivå ved behov. Strukturen med referansenivå og undernivå blir derfor kalla ein fleksibel forgreiningmodell (Udir / Council of Europe, 2011:41ff).

Deskriptorar

Deskriptorane i Rammeverket er detaljerte beskrivingar av kompetanse på ulike nivå. Alle som lærer seg eit språk, eller som underviser i eller organiserer undervisning i eit språk, har med desse deskriptorane fått eit sett med felles beskrivingar av språkkompetanse og ferdigheiter som kan brukast i læring, undervisning og vurdering av språk.

Det finst skalaer med deskriptorar for ei lang rekkje kommunikative ferdigheiter, kompetansar og situasjonar. I Companion Volume (2020) er deskriptorane ordna etter fire hovudtypar av språklege aktivitetar: reseptive aktivitetar, produktive aktivitetar, samhandlingsaktivitetar og medieringsaktivitetar. Dei ulike typane aktivitetar er beskrivne meir detaljert nedanfor. I denne rettleiinga gir vi att dei mest overordna skalaene, mens vi viser til Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011; HK-dir / Council of Europe, 2022) for fleire og meir spesifikke skalaer. Vanlegvis inneheld skalaene ein deskriptor for kvart av dei seks nivåa, eventuelt òg ein deskriptor for pre-A1-nivå. Men på grunn av inndelinga i kriterienivå og plussnivå kan ein av og til støyte på meir enn éi rad for same nivå (sjå til dømes nivå A2 i tabell 3 nedanfor).

Deskriptorane er alltid positivt formulerte, det vil seie at dei uttrykkjer kva språkbrukarar kan gjere ved hjelp av språket på eit gitt nivå, snarare enn kva dei *ikkje* kan gjere (HK-dir / Council of Europe, 2022:31). Til grunn for dette sentrale prinsippet om positive «eg kan»-formuleringar ligg det handlingsorienterte språksynet i Rammeverket. I dette språklæringsynet legg ein vekt på kva slags handlingar innlærarane kan utføre ved hjelp av språket på ulike nivå. Dei positivt formulerte deskriptorane representerer eit nyansert pedagogisk verktøy for læring, undervisning og vurdering i det at dei alltid tek utgangspunkt i kva innlæraren alt meistrar, framfor å fokusere på manglar i kompetansen.

Domene

Med domene meiner Rammeverket dei sosiale samanhengane eller kontekstane der vi er aktive som sosiale aktørar. Desse kontekstane kan delast inn på mange ulike måtar, men av praktiske årsaker skil Rammeverket mellom fire hovudkategoriar: det offentlege domenet, det personlege domenet, opplæringsdomenet og arbeidslivsdometet.

Det offentlege domenet omfattar alt som er knytt til alminneleg sosial samhandling, til dømes offentlege tenester, fritidsaktivitetar, kulturell verksemd av offentleg karakter og forhold til media (Udir / Council of Europe, 2011:17). Det personlege domenet omfattar familieforhold og individuelle sosiale vaner, arbeidslivsdometet omfattar alt som har å gjere med folks handlingar og relasjonar i yrkeslivet, mens opplæringsdomenet omfattar det som har med læring å gjere, gjerne institusjonar der målet er å tileigne seg bestemt kunnskap eller bestemte ferdigheiter (Udir / Council of Europe, 2011:17).

Den globale skalaen

I Rammeverket finn vi ein såkalla global skala der referansenivåa for alle språklege ferdigheiter er samanfatta (HK-dir / Council of Europe, 2022:208). Ved hjelp av denne skalaen kan til dømes elevar og føresette få eit første inntrykk av korleis Rammeverket er bygd opp, og kva ein språkinnlærer er forventa å kunne bruke språket til på eit gitt nivå. Avhengig av kva for eit nivå vi er interesserte i, kan vi sjå nærmare på relevante delar av Appendiks 1 i denne rettleiinga for å få ei meir detaljert oversikt over kva som er forventa av kompetanse på det aktuelle nivået.

Tabell 1: Den globale skalaen (HK-dir / Council of Europe, 2022:208).

C2	Kan forstå praktisk talt alle typer tekster. Kan sammenfatte informasjon fra ulike muntlige og skriftlige kilder ved å gjengi argumenter og redegjørelser på en sammenhengende måte. Kan uttrykke seg spontant, med svært god flyt og presisjon, og få fram finere meningsnyanser selv i mer komplekse situasjoner.
C1	Kan forstå et bredt spekter av lengre, krevende tekster og oppfatte budskap som ikke er direkte uttrykt. Kan uttrykke seg flytende og spontant uten at det merkes noe særlig at en leter etter uttrykksmåter. Kan bruke språket fleksibelt og hensiktsmessig til sosiale, akademiske og yrkesrelaterte formål. Kan produsere klare, velstrukturerte og detaljerte tekster om komplekse emner og vise at en mestrer ulike setningsmønstre, bindeledd og sammenbindende markører.
B2	Kan forstå hovedinnholdet i komplekse tekster om både konkrete og abstrakte emner, også faglige drøftinger innenfor ens eget fagområde. Kan delta i samtaler med et så spontant og flytende språk at regelmessig kommunikasjon med brukere av målpråket ikke blir anstrengende for noen av partene. Kan produsere klare, detaljerte tekster om et vidt spekter av emner, og forklare et synspunkt på en aktuell sak og gi argumenter for og imot ulike alternativer.
B1	Kan forstå hovedpunktene i klar, standard input om kjente emner som en ofte møter i forbindelse med arbeid, skole, fritid osv. Kan klare seg i de fleste situasjoner som kan oppstå når en reiser i et område der språket snakkes. Kan skrive enkle, sammenhengende tekster om emner som er kjente eller av personlig interesse. Kan beskrive opplevelser og hendelser, drømmer, håp og planer, og kort forklare og begrunne meninger og planer.
A2	Kan forstå setninger og vanlige uttrykk knyttet til de viktigste områdene av dagliglivet, f.eks. svært enkel informasjon om en selv og familien, innkjøp, nærmiljø og arbeidsliv. Kan klare seg i enkle og rutinepregede samtalsituasjoner med direkte utveksling av informasjon om kjente og rutinepregede forhold. Kan med enkle ord beskrive visse sider ved sin egen bakgrunn og sitt nærmiljø og grunnleggende personlige behov.
A2	Kan forstå og bruke kjente, dagligdagse uttrykk og svært enkle utsagn for å dekke grunnleggende behov. Kan presentere seg selv og andre og kan stille og svare på personlige spørsmål om f.eks. bosted, venner og bekjente og eiendeler. Kan delta i en samtale på en enkel måte hvis samtalepartnern snakker langsomt og tydelig og er innstilt på å hjelpe.

Rammeverket med tabellane finst i dag berre på bokmål. Framanspråksenteret har diverre ikkje løyve til å omsetje desse til nynorsk. Når ein nynorsk omsetjing ligg føre, vil vi endre tabellane til nynorsk.

Rammeverket i norske styringsdokument

Rammeverket har sidan den første utgivinga i 2001 hatt svært stor innverknad på språkundervisninga både i Europa og andre delar av verda (Erickson & Pakula, 2017). I mange europeiske land byggjer læreplanane i språk direkte på Rammeverket, og forventingane til kompetanse på ulike nivå blir kopla eksplisitt til referansenivåa A1–C2. I Noreg har faget norsk som andrespråk lenge praktisert ei slik tydeleg kopling mellom referansenivåa i Rammeverket og nasjonale læreplanar, testar og eksamenar. Når det gjeld engelsk- og framandspråkundervisninga i skulen, har ikkje ei slik kopling vore eksplisitt uttalt. Som nemnt i starten medførte Kunnskapsløftet 2020 (KL20) at koplinga mellom Rammeverket og nasjonale læreplanar blei meir eksplisitt, i alle fall for framandspråkfaget: I vurderingsressursane til læreplanen i framandspråk (KL20) står det at læreplanen i framandspråk har ei tydeleg kopling til CEFR (Udir, 2020). Ettersom læreplanen i framandspråk gjeld for ei lang rekkje språk som i varierende grad har mykje til felles med norsk, kan det ikkje gjerast noka felles kopling mellom framandspråkundervisning på ulike nivå og referansenivåa i Rammeverket. Vurderingsressursen seier likevel at for europeiske språk som fransk, spansk og tysk er kjenneteikna på måloppnåing for nivå II fastsette med utgangspunkt i Rammeverkets nivå A2. Med andre ord er det forventa at elevane i desse språkfaga jobbar seg opp til og gjen-

nom A1-nivå i løpet av nivå I og tek fatt på vegen mot A2-nivå i nivå II. Slutt karakterane på nivå II blir sette med utgangspunkt i ei forventning om kompetanse på A2-nivå. For ikkje europeiske språk er det ikkje noka eksplisitt kopling mellom undervisningsnivå og rammeverknivå, men det blir understreka at norske elevar treng lengre tid på å oppnå A2-nivå i desse språka. Vurderingsressursen slik han ligg føre i dag, seier ikkje noko om forventa rammeverknivå på nivå III, verken for europeiske eller ikkje-europeiske språk. For engelskfaget er det framleis ikkje uttrykt noka eksplisitt kopling mellom undervisning på ulike klassetrinn og referansenivå i Rammeverket.

Kommunikative språkaktivitetar

Den utvida versjonen av Rammeverket (HK-dir / Council of Europe, 2022) deler språklege aktivitetar inn i fire ulike typar: resepsjon, produksjon, samhandling og mediering. Alle desse aktivitetane kan vere både munnlege og skriftlege. Dei ulike skalaene med tilhøyrande deskriptorar er sorterte under desse fire hovudtypane aktivitetar.

I reseptive aktivitetar er eleven mottakar av språkleg meiningsinnhald. Slike aktivitetar omfattar lesing (skriftleg resepsjon) og lytting (munnleg resepsjon). Produktive aktivitetar omfattar tekstskriving (skriftleg produksjon) og munnlege innlegg (munnleg produksjon). I desse aktivitetane produserer eleven sjølv språk. Eleven har gjerne ein mottakar i tankane, men denne deltek ikkje aktivt i produksjonen. Ved samhandlingsaktivitetar, derimot, interagerer vi direkte med andre, til dømes gjennom å chatte på nettet (skriftleg samhandling) eller å delta i ein samtale (munnleg samhandling). Medieringsaktivitetar dreier seg om å vidareformidle eit språkleg innhald og/eller leggje til rette for samhandling. Det kan vere flytande overgangar mellom aktivitetstypane: Ein samhandlingssituasjon kan til dømes bestå av lengre monologiske innlegg (produksjon) som får ein respons og blir følgde opp (interaksjon).

Alle formene, også dei reseptive, blir kalla *aktivitetar*. Elevane arbeider aktivt både med lesing og lytting, men dei jobbar med å forstå framfor å uttrykkje. Ved produksjon jobbar dei med å uttrykkje mening, men i samhandling jobbar dei parallelt med å forstå og uttrykkje mening. Ved mediering jobbar dei med å samanfatte eit meiningsinnhald dei har forstått eller er i ferd med å forstå, og/eller dei jobbar med å leggje til rette for samarbeid og utveksling av informasjon.

Resepsjon – lytte og lese

Resepsjon handlar om å forstå målspråket i situasjonar der ein er mottakar av språkleg input. Inputen kan vere munnleg (lytting), skriftleg (lesing) eller multimodal (audiovisuell resepsjon).

Eit viktig prinsipp i Rammeverket er at språkundervisninga skal ta utgangspunkt i kommunikative behov som ein møter i det verkelege livet. Det inneber at elevane må bli eksponerte for målspråket og for kulturen i målspråksområde ved hjelp av variert materiale i form av lyd, skrift og bilete. I ein skulesituasjon er læraren sjølv ei viktig kjelde til input på målspråket. For engelsklærarar vil det ofte vere mogleg å gjennomføre undervisninga rimeleg konsekvent på målspråket, men for framandspråklærarar kan dette vere utfordrande, både på grunn av eige ferdigheitsnivå og på grunn av ferdigheitsnivået til elevane. Likevel er det essensielt at framandspråklærarar sørgjer for at elevane møter mykje munnleg målspråk i klasserommet, for språktimane representerer for mange elevar den einaste arenaen der dei blir eksponerte for målspråket. Lydklipp og videosnuttar er gode ressursar for å trene elevane sine ferdigheiter i munnleg forståing.

Kva elevane er forventa å forstå av målspråket, varierer etter nivå. Dei overordna deskriptorane for reseptive ferdigheiter (tabell 2–4) beskriv ein progresjon frå å kunne kjenne igjen enkeltord og frasar via å forstå (delar av) eit hovudinnhald til å oppfatte stadig fleire detaljar. Vidare går det ein progresjon frå å kunne forstå tekst og tale om kjende og familiære emne (personleg domene) til òg å forstå språk som handlar om meir ukjende emne i det offentlege domenet, arbeids- eller opplæringsdomenet. Dessutan ser vi ein progresjon frå å kunne oppfatte tydeleg standardspråk til òg å kunne forstå meir varierte og avanserte former for språkbruk som rask tale, ulike dialektar (varietetar) og avansert vokabular.

I tillegg til desse generelle skalaene inneheld Rammeverket ei rekkje skalaer for spesifikke typar aktivitetar, som å forstå samtale mellom andre, forstå meldingar og instruksjonar, lese for å orientere seg og lese for å forstå informasjon og argumentasjon (HK-dir / Council of Europe, 2022:59–71).

Deskriptorane gir hint om kva slags materiale som kan eigne seg på ulike nivå. På nybegynnarnivå bør tekstane vere korte, men ein kan til gjengjeld lese eller spele dei av fleire gonger. Når det gjeld skriftleg resepsjon, kan skilt, plakatar, menyar, bussruter etc. vere velegna for nybegynnarar, mens ein på høgare nivå kan bruke lengre og meir avanserte tekstar som nyheitsartiklar og litterære tekstar. Ved munnleg resepsjon vil det for nybegynnarar vere behov for noko tilpassa tekstar, for talen må vere langsam og tydeleg dersom dei skal oppfatte hovudinnhaldet. Læraren kan sjølv tilpasse sin eigen målspråkbruk gjennom å velje enkle ord og strukturar, snakke tydeleg og gjenta ved behov. Naturleg tale i reelle situasjonar kan brukast på nybegynnarnivå òg, men oppgåvene må spegle forventingane som er knytte til ferdighetsnivået. Elevar på A-nivå kan til dømes få i oppgåve å notere ned transparente ord eller andre ord dei forstår i ein munnleg tekst. På høgare nivå vil ein kunne bruke lydklipp der det blir snakka ulike varietetar av språket, slik at elevane blir eksponerte for forskjellige dialektar, sosiolektar og aksentar. Det bidreg til å vidareutvikle lytteferdigheitene i ulike situasjonar.

Deskriptorane signaliserer tydeleg kva kompetanse som er forventa på dei ulike nivåa. Dette kan vere nyttig kunnskap for elevane, for det gjer dei bevisste på kva som er forventa av dei og ikkje, og det blir lettare for dei å oppleve meistring. Dersom dei ikkje har innsikt i forventingane, kan dei lett miste motet i møte med språkbruk som i utgangspunktet verkar nokså framand for dei, sidan dei kanskje trur at dei burde forstå det meste. Læraren kan dessutan førebu elevane godt på det dei skal lytte til eller lese, ved å gå gjennom relevante ord og strukturar på førehand (munnleg og skriftleg), forklare namn og andre kulturelt styrte uttrykk i materialet og introdusere tematikken, slik at emnet er kjent.

Tabell 2: Generell munnleg forståing (HK-dir / Council of Europe, 2020:58–59).

	GENERELL MUNTLLIG FORSTÅELSE
C2	Kan uten problemer forstå praktisk talt alle former for språk som produseres i naturlig hastighet.
C1	<p>Kan forstå nok til å følge omfattende tale om abstrakte og komplekse emner utenfor sitt eget felt, men kan ha behov for å få bekreftet en og annen detalj, særlig hvis den språklige varieteten er ukjent.</p> <p>Kan kjenne igjen en lang rekke dagligdagse og idiomatiske uttrykk og legge merke til endringer i stil.</p> <p>Kan følge omfattende diskurs også når den ikke er tydelig strukturert, og når sammenhenger ikke uttrykkes direkte, men er underforstått.</p>
B2	<p>Kan forstå standard regionalt språk eller kjente varieteter, både live og i mediene, om både kjente og ukjente emner som ofte forekommer i det personlige, sosiale, akademiske eller yrkesmessige liv. Bare ekstrem [auditiv/visuell] bakgrunnsstøy, en dårlig strukturert diskurs og/eller idiomatisk språkbruk kan ha innvirkning på forståelsen.</p>
B1	<p>Kan forstå hovedpunktene i diskurs som er språklig og innholdsmessig kompleks, om både konkrete og abstrakte emner, når det brukes standard regionalt språk eller en kjent varietet. Dette gjelder også tekniske diskusjoner innenfor eget spesialfelt.</p> <p>Kan følge omfattende diskurs og komplekse argumentasjonsrekker hvis emnet er relativt kjent og overgangen fra ett punkt til et annet blir tydelig markert.</p> <p>Kan forstå enkel informasjon om vanlige, dagligdagse eller jobberelaterte emner og få tak i både hovedbudskapet og spesifikke detaljer, så sant det fremføres tydelig og på en kjent varietet.</p>
	<p>Kan forstå hovedpunkter i diskurs som fremsettes i standard språk om kjente tema man jevnlig møter i forbindelse med jobb, skole, fritid osv., også korte fortellinger.</p>
A2	<p>Kan forstå nok til å kunne dekke konkrete behov, forutsatt at det snakkes langsomt og tydelig.</p>
	<p>Kan forstå fraser og uttrykk knyttet til de viktigste områdene i dagliglivet (f.eks. viktig informasjon om seg selv og sin familie, shopping, nærmiljø, arbeidsliv), forutsatt at innholdet formidles langsomt og tydelig.</p>
A1	<p>Kan følge svært langsomt og tydelig artikulert språk med lange pauser, slik at man får tid til å oppfatte betydningen.</p> <p>Kan oppfatte konkrete opplysninger (f.eks. steder og klokkeslett) om kjente emner fra dagliglivet, forutsatt at de framføres langsomt og tydelig.</p>
Pre-A1	<p>Kan forstå korte, svært enkle spørsmål og utsagn, forutsatt at de framføres langsomt og tydelig, er ledsaget av illustrasjoner eller håndbevegelser som hjelper på forståelsen, og om nødvendig gjentas.</p> <p>Kan gjenkjenne dagligdagse, kjente ord/tegn når de framføres tydelig og langsomt i en klart definert, kjent, dagligdags sammenheng.</p> <p>Kan oppfatte tall, priser, datoer og ukedager som når de framføres langsomt og tydelig i en klart definert, kjent, dagligdags sammenheng.</p>

Tabell 3: Audiovisuell forståing: sjå på TV, film og video (HK-dir / Council of Europe, 2022:64).

	Å SE PÅ TV, FILM OG VIDEO
C2	Ingen deskriptor foreligger; se C1
C1	<p>Kan følge med på filmer der det brukes mye slang og idiomatisk språk.</p> <p>Kan forstå detaljene som presenteres i krevende fjernsynssendinger, som aktualitetsprogrammer, intervjuer, debattprogrammer og prateprogrammer.</p> <p>Kan forstå nyanser og implisitt betydning i de fleste filmer, skuespill og TV-programmer, forutsatt at det brukes standardspråk eller en kjent varietet i framføringen.</p>
B2	Kan hente ut hovedpoengene i argumenter og diskusjoner i nyhets- og aktualitetsprogrammer
B1	<p>Kan forstå de fleste nyhets- og aktualitetsprogrammer.</p> <p>Kan forstå dokumentarer, direktesendte intervjuer, talkshow, skuespill og de aller fleste filmer der det brukes standardspråk eller en kjent varietet.</p> <p>Kan forstå store deler av mange TV-innslag om emner av personlig interesse, som intervjuer, korte opplesninger og nyhetsreportasjer, når de fremføres langsomt og tydelig.</p> <p>Kan følge mange filmer der historien i stor grad drives fram av handlingen og med bruk av visuelle effekter, og enkelt og tydelig språk.</p> <p>Kan få tak i hovedpunktene i TV-program om kjente emner når framføringen er relativt langsom og tydelig.</p>
A2	<p>Kan oppfatte hovedpunktene i nyhetsreportasjer om hendelser, ulykker osv. når det visuelle støtter opp under kommentarene.</p> <p>Kan følge med på en TV-reklame eller en trailer for eller en scene fra en film og forstå hva som er tema, forutsatt at bildene bidrar til forståelsen og framføringen er tydelig og relativt langsom.</p>
	Kan oppfatte når man går over til neste sak i nyhetssendinger på TV, og danne seg en oppfatning av hva som er hovedinnholdet.
A1	Kan gjenkjenne kjente ord/tegn og fraser og hva nyhetssaker handler om og identifisere mange av produktene i annonser ved å utnytte visuell informasjon og allmennkunnskap.
Pre-A1	Kan identifisere temaet for en video på grunnlag av visuell informasjon og tidligere kunnskap

Tabell 4: Generell leseforståing (HK-dir / Council of Europe, 2022:65).

	GENERELL LESEFORSTÅELSE
C2	Kan forstå tekster av så å si alle typer, også skjønnlitterære og faglitterære tekster som er abstrakte, strukturelt komplekse eller sterkt preget av sjargong. Kan forstå et stort utvalg av lange og komplekse tekster og oppfatte subtile, stilistiske forskjeller og både direkte og underforstått mening.
C1	Kan forstå omfattende, komplekse tekster i detalj, enten de er knyttet til eget spesialfelt eller ei, forutsatt at man har mulighet til å lese vanskelige passasjer om igjen. Kan forstå mange ulike tekster, også skjønnlitteratur, artikler i aviser eller tidsskrifter og spesialiserte akademiske eller faglige publikasjoner, forutsatt at det er mulig å lese det om igjen, og at man har tilgang til oppslagsverk.
B2	Kan lese med stor grad av selvstendighet og tilpasse lese måte og lese hastighet til typen tekst og formålet med lesingen, samt gjøre selektiv bruk av egnede referanser og kildeverk. Har et stort aktivt ord-7tegnforråd for lesing, men kan ha vanskeligheter med idiomer som forekommer sjelden.
B1	Kan lese relativt enkle faktatekster om emner fra sitt eget interesseområde med tilfredsstillende forståelse.
A2	Kan forstå korte, enkle tekster om kjente, konkrete emner der det brukes et språk som er vanlig i dagliglivet eller arbeidslivet.
	Kan forstå korte, enkle tekster som inneholder de ordene/tegnene som forekommer oftest, inkludert mange av de ordene/tegnene og uttrykkene som går igjen i de fleste europeiske språk.
A1	Kan forstå svært korte, enkle tekster, en frase om gangen, og få tak i kjente navn, kjente ord/tegn og svært enkle uttrykk. Leser om igjen når det er nødvendig.
Pre-A1	Kan gjenkjenne vanlige ord/tegn som ledsages av bilder, f.eks. en gatekjøkkenmeny som er illustrert med bilder, eller en bildebok som bruker kjente ord/tegn.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om resepsjon i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:82ff; HK-dir / Council of Europe, 2022:58ff).

- Kor stor del av timen gjennomfører du vanlegvis på målspråket? Ønsker du å auke denne delen? Korleis vil du i så fall arbeide for å få det til?
- Deltek du aktivt som samtalepartner når elevane bruker målspråket munnleg? Korleis responderer elevane på dette?
- Visse ord og uttrykk knytte til klasseromsundervisning kan brukast hyppig og dermed lærast tidleg. Har du faste strukturar du bruker i kvar time, til dømes i samband med fråværsføring eller organisering av gruppearbeid? Del døme med kvarandre.
- Bruker du ofte auditivt materiale i form av lydfilet og videosnuttar? Del døme på filer og klipp som de har god erfaring med å bruke.
- Kva for utfordringar opplever du med å eksponere elevane for målspråket? Korleis kan vi førebu elevane på arbeid med munnleg forståing?
- Kva slags variantar av språk blir elevane eksponerte for? Møter dei stort sett standardspråk (til dømes Received Pronunciation og General American for engelsk), eller får dei òg bli kjende med andre varietetar, aksentar, sosiolektar og dialektar?
- Korleis motiverer du elevane til å lese (lengre) tekstar på målspråket? I kva grad får dei sjølve vere med og velje lesetekstar?

Strategiar for resepsjon

Når det gjeld strategiar for å forstå tekst og tale, legg Rammeverket særleg vekt på ei *top-down*-tilnærming. Ei slik tilnærming inneber at ein bruker informasjon som ein alt har om teksten og konteksten han er produsert i, til å resonnerer seg fram til betydingsinnhaldet. Ein ser på bilete og bilettekstar, overskrifter og deloverskrifter. Ein legg merke til konteksten, kven som har produsert teksten, kven som er utgivar, kva for ein sjanger materialet høyrer til, og kva slags rammer teksten inngår i. Vidare kan ein skanne teksten for attkjennelege element som eigennamn og spesielle datoar for å få nokre hint om innhaldet. Med denne kunnskapen om teksten og bakgrunnen for han skaper ein seg nokre forventingar om mogleg innhald som gjer det lettare å forstå det som blir skrive eller sagt. Å *førebu* elevane på det dei skal lese, høyre eller sjå, er dermed eit viktig ledd i å leggje til rette for god strategibruk.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om reseptive strategiar i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:89–90; HK-dir / Council of Europe, 2022:71–72).

- Korleis førebur du elevane før ein lese-/lyttetekst? Diskuter og del idear.
- Snakkar du eksplisitt med elevane om strategiar for å nærme seg ein ukjend tekst? Viss ikkje, korleis kan dette gjerast?
- Viser du elevane korleis du sjølv arbeider når du støyter på problem i ukjende tekstar?
- I kva grad jobbar de med bruk av (digitale) oppslagsverk og ordbøker?

Produksjon – snakke og skrive

Med produksjon meiner vi situasjonar der ein sjølv formidlar ein munnleg eller skriftleg tekst på mål-språket til éin eller fleire mottakarar. Det kan vere å fortelje ei historie, skrive ein beskjed eller halde eit foredrag. I kva grad elevane lykkast med produksjon på målspråket, varierer etter nivå. I byrjinga kan det vere nyttig å oppmuntre elevane til å bruke bilete, kroppsspråk og andre ressursar som støtte i kommunikasjonen.

Deskriptorane beskriv ein språkleg progresjon som går frå å kunne bruke nokre korte, enkeltstående frasar via litt meir komplekse strukturar med enkle bindeord til produksjon av samanhengande og velstrukturerte tekstar med logisk oppbygging (sjå tabell 5 og 6). Tematisk går progresjonen frå å kunne uttrykkje enkel informasjon om seg sjølv og andre via ulike emne innanfor eigne interessefelt til produksjon av tekst og tale om kompliserte emne.

Tabell 5 og 6 nedanfor viser deskriptorar for *generell munnleg produksjon* og *generell skriftleg produksjon*. I tillegg har Rammeverket meir detaljerte deskriptorar for bestemte typar produksjon som å beskrive ei erfaring, uttrykkje synspunkt (til dømes i ein debatt), snakke til ei forsamling, jobbe med kreativ skrivning og utforme skriftlege rapportar og resonnerande tekstar (HK-dir / Council of Europe, 2022:74–82).

Også produktive aktivitetar (skriftlege og munnlege) skal ta utgangspunkt i kommunikative behov i klasserommet. I ein klasseromssituasjon kan produktive aktivitetar til dømes innebere at eleven les ein skriftleg tekst høgt, snakkar med støtte i notat, presenterer eit innhald ved hjelp av visuelle hjelpemiddel (diagram, bilete, tabellar etc.), speler ei innøvd rolle, snakkar spontant eller syng. Elevane kan få hjelp med enkle ord og struktur, slik at dei kan formidle ønske og reaksjonar på målspråket på det nivået dei er på. For å auke motivasjonen blant elevane er det også her viktig at dei ulike aktivitetane har tema som ligg nær interessene og kvardagslivet til elevane.

Tabell 5: Generell munnleg produksjon (HK-dir / Council of Europe, 2022:73–74).

	Generell muntlig produksjon
C2	Kan produsere klar, velstrukturert diskurs med god flyt og en effektiv, logisk struktur som hjelper mottakeren til å legge merke til og huske viktige poeng.
C1	Kan gi klare, detaljerte beskrivelser og presentasjoner av komplekse emner, der man trekker inn delmomenter, utdyper enkelte punkter og runder av med en passende konklusjon.
B2	Kan gi klare, systematisk oppbygde beskrivelser og presentasjoner, understreke viktige punkter på en formålstjenlig måte og utdype med relevante detaljer.
	Kan gi klare, detaljerte beskrivelser og presentasjoner av et vidt spekter av emner knyttet til eget interessefelt og utdype ideer med underpunkter og relevante eksempler.
B1	Kan forholdsvis flytende gi en grei beskrivelse av ett av flere emner som ligger innenfor eget interesseområde, presentert som punkter i lineær rekkefølge.
A2	Kan gi en enkel beskrivelse eller presentasjon av folk, boforhold eller arbeidsforhold, daglige rutiner, hva man liker eller ikke liker, osv. ved å liste opp korte rekker av enkle setninger og fraser.
A1	Kan produsere enkle, stort sett isolerte, fraser om folk og steder
Pre-A1	Kan produsere korte fraser om seg selv, oppgi personopplysninger (f.eks. navn, adresse, familie, nasjonalitet).

Tabell 6: Generell skriftleg produksjon (HK-dir / Council of Europe, 2022:79).

	Generell skriftlig produksjon
C2	Kan produsere klare komplekse tekster med god flyt i en egnet og effektiv stil og med en logisk struktur som hjelper leseren til å finne fram til de viktigste punktene.
C1	Kan produsere klare, velstrukturerte tekster om komplekse emner, der de viktige punktene blir framhevet. Kan gå i dybden og utvikle og underbygge synspunkter med underpunkter, begrunnelser og relevante eksempler. Kan runde av med en passende konklusjon. Kan bruke strukturen og konvensjonene i ulike sjangre, variere tone, stil og stilnivå etter publikum, teksttype og tema.
B2	Kan produsere klare, detaljerte tekster om en rekke emner knyttet til eget interesseområde og kan sammenfatte og vurdere informasjon og argumenter fra en rekke kilder.
B1	Kan produsere enkle, greie, sammenhengende tekster om en rekke kjente emner innenfor sitt interesseområde ved å føye sammen kortere, enkeltstående elementer til en lineær framstilling.

A2	Kan produsere en sekvens med enkle setninger og fraser som er knyttet sammen ved hjelp av enkle bindeledd som «og», «men» og «fordi».
A1	Kan gi opplysninger om personlige ting (f.eks. hva man liker og ikke liker, familie, kjæledyr) med enkle ord/tegn og grunnleggende uttrykk. Kan produsere enkle, enkeltstående fraser og setninger.
Pre-A1	Kan gi grunnleggende personopplysninger (f.eks. navn, adresse, nasjonalitet), kanskje med en ordbok til hjelp.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om produksjon i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:73ff; HK-dir / Council of Europe, 2022:72ff).

- Kva slags aktivitetar bruker du i undervisninga for å stimulere til munnleg og skriftleg produksjon? Del tankar og idear med kollegaer.
- Kva er utfordrande med å få elevane til å bruke målspråket munnleg?
- Korleis arbeider de med tilbakemeldingar på munnleg og skriftleg produksjon?
- Korleis kan vi tydeleggjere progresjonen til elevane i produktive ferdigheiter?
- Kva kan vere døme på emne som ligg nær interessene og kvardagslivet til elevane? Ber du dei av og til om å sjølve komme med idear til slike emne?
- Korleis kan vi bruke sosiale medium i arbeidet med produksjon?
- Kan vi bruke fleirspråklegheit hos elevar som utgangspunkt for å stimulere til produksjon på mål språket? Korleis?
- Les om igjen avsnittet om Rammeverkets handlingsorienterte språksyn, og kom med forslag til oppgåver som er i tråd med dette språksynet, og som legg til rette for produktive ferdigheiter. Diskuter og del idear.
- Kva slags rutinar i klasserommet kan du utnytte for å konsolidere ord og strukturar i munnleg og skriftleg produksjon?

Strategiar for munnleg og skriftleg produksjon

For å kunne gjere seg forstått i tale og skrift må ein planleggje og handle strategisk før og mens ein snakkar eller skriv på målspråket. Språklærarar planlegg ved å ta omsyn til språknivået til mottakaren i valet av tekst og ved å tilpasse ordval og språkleg kompleksitet i kommunikasjon på målspråket. Elevar som skal utvikle språket i interaksjon med andre, må òg tenkje gjennom kven mottakaren er, og dei må øve opp ferdigheiter i å vurdere kompetansen til mottakaren for at dei skal bli forstått, og for å kunne tilpasse språket.

Strategisk planlegging handlar om å førebu seg til å framføre eit innhald med frasar frå eige repertoar. Det kan òg handle om å venje seg til å bruke kroppsspråk og gestar som supplement til verbal kommunikasjon. Når ein bruker bilete eller videoklipp som supplement til munnleg tale, blir det lettare å forstå for mottakarar på nybegynnarnivå. Språkleg kan ein førebu seg på å bruke synonym, gi døme, formulere om og forklare. Når det gjeld skriftleg produksjon, kan ein arbeide med å bruke ordbøker og grammatikkoversikter for å samle ord, strukturar og frasar som ein treng. Også her kan elevane supplere med bilete og billetekstar for å gjere teksten meir forståeleg.

Det kan vere fornuftig å gjere elevane bevisste på at det ikkje er noko mål å kunne uttrykkje seg på målspråket på same måte som ein uttrykkjer seg på morsmålet. Det å først formulere det ein vil seie på morsmålet, for så å prøve å omsetje det til målspråket, er ein lite formålstenleg strategi som kan skape frustrasjon og ei kjensle av at ein ikkje har lykkast. Elevane bør heller oppmuntrast til å bruke dei språklege ressursane dei har, på ein kreativ måte, samtidig som dei stadig utvidar ressursane sine ved å lære seg nye ord og uttrykk.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om produksjonsstrategiar i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:79–81; HK-dir / Council of Europe, 2022:82–84).

- Korleis førebur du deg når du skal snakke eller skrive på målspråket? Deler du strategiane dine med elevane?
- Korleis kan vi førebu elevane før aktivitetar som involverer munnleg og skriftleg produksjon?
- Har du innført, eller kunne du tenkje deg å innføre, rutinar som å samle ord, skrive tankekart eller ta opp språklege vanskar som du veit kjem til å dukke opp under aktiviteten? Kva for moglege effektar kan slike rutinar ha på ein aktivitet?
- Korleis kan vi skape aksept hos elevane for at det dei produserer på målspråket, vil ha eit betydeleg lågare språkleg nivå enn det dei produserer på morsmålet?

Samhandling

Med samhandling, eller interaksjon, meiner vi munnleg og/eller skriftleg informasjonsutveksling der minst to individ vekslar mellom resepsjon og produksjon. Eit døme på munnleg samhandling er oppstarten av ein skuletime: Læraren og elevane helser på kvarandre. Læraren forklarar elevane kva dei skal gjere, elevane stiller spørsmål, og læraren svarer. Samhandling er meir enn å berre lytte/lese og snakke/skrive: Samtidig som ein lyttar (eller les) og ventar på å få ordet, prøver ein å føresjå resten av det som skal seiast, og førebu eit svar. Å lære seg å interagere inneber følgjeleg meir enn å berre lære seg å ta imot og produsere ytringar.

Etter at Rammeverket blei publisert i 2001, er det blitt vesentleg meir skriftleg samhandling på nett, både i omfang og utbreiing, til dømes i kommentarfelt og chattar på sosiale medium. Derfor inkluderte ein i Companion Volume (Council of Europe, 2020) ein ny kategori: *online interaction*, eller *digital samhandling*. Denne kjem i tillegg til kategoriane munnleg og skriftleg samhandling. Som døme på kategorien digital samhandling gir vi att nedanfor deskriptorar for *digitale samtalar og diskusjonar* (tabell 9). I Companion Volume er det òg deskriptorar for *målretta digitale transaksjonar og samarbeid* (HK-dir / Council of Europe, 2022:103–104).

Deskriptorane for generell munnleg og skriftleg samhandling og digital samhandling (tabell 7–9) beskriv ein progresjon frå det å kunne interagere kortfatta og formidle svært enkel informasjon om seg sjølv (pre-A1-nivå) til det å kunne interagere spontant, flytande, korrekt og effektivt innanfor ulike område (C-nivå). I Rammeverket finn ein i tillegg deskriptorar for meir bestemte typar samhandlingssituasjonar, til dømes det å kunne *forstå ein samtalepartner* og det å kunne *intervjue og bli intervjuet* (HK-dir / Council of Europe, 2022:87ff).

Sidan språkundervisninga skal ta utgangspunkt i kommunikative behov som kan oppstå i det verkelege livet, vil digital samhandling vere ein naturleg del av innhaldet i undervisninga. Digital samhandling tek stor plass i kvardagen vår i dag, og dei fleste elevar er godt vande med slik interaksjon, noko som gjer det til eit takknemleg arbeidsområde også i språkundervisninga.

Tabell 7: Generell munnleg samhandling (HK-dir / Council of Europe, 2022:86).

	Generell muntlig samhandling
C2	Mestrer slang og idiomatiske og alminnelige uttrykk godt, og har god kjennskap til hvilke konnotasjoner uttrykkene har. Kan presist formidle finere meningsnyanser ved å justere språket på ulike måter, med rimelig grad av korrekthet. Kan gå tilbake og komme seg ut av en språklig vanskelighet så ubesværet at samtalepartneren knapt legger merke til det.
C1	Kan uttrykke seg flytende og spontant, nesten uten anstrengelse. Mestrer godt et bredt repertoar av ord/tegn, slik at man lett kan omgå mangler i vokabularet med en litt lengre omformulering. Unngåelsesstrategier og åpenbar leting etter uttrykk er det lite av; bare et spesielt komplekst emne kan hindre at språket er naturlig og flytende.
B2	Kan bruke språket flytende, nøyaktig og effektivt om et vidt spekter av emner, både generelle og akademiske emner og emner fra arbeid og fritid, og får tydelig fram forholdet mellom ideer. Kan kommunisere spontant med god grammatisk kontroll, uten å vise særlig tegn til å måtte begrense det man ønsker å si, og kan velge en grad av formalitet som passer til sammenhengen.
	Har et så flytende og spontant språk at det er mulig å samhandle regelmessig og opprettholde relasjoner til mål-språksbrukere uten at det blir anstrengende for noen av partene. Kan understreke hvilken betydning hendelser og opplevelser har for en personlig, og gjøre rede for og underbygge sine synspunkter med relevante forklaringer og argumenter.
B1	Kan kommunisere med en viss sikkerhet om kjente saker innenfor sine interesseområder eller sitt arbeidsfelt, kan klare seg i enkle rutinemessige sosiale sammenhenger. Kan utveksle, sjekke og bekrefte opplysninger, klare seg i mindre rutinepregede situasjoner og forklare hvorfor noe er et problem. Kan uttrykke meninger om mer abstrakte, kulturelle emner som film, bøker, musikk osv.
	Kan i stor grad uttrykke seg på en enkel måte, men med variert språk for å klare seg i de fleste situasjoner som kan oppstå på reiser. Kan gå uforberedt inn i en samtale om kjente emner, uttrykke personlige meninger og utveksle opplysninger om emner som er kjente, av personlig interesse, eller har med dagliglivet å gjøre (f.eks. familie, hobbyer, arbeid, reiser og aktuelle hendelser).
A2	Kan samhandle uten særlige problemer i forutsigbare situasjoner og i korte samtaler, forutsatt at samtalepartneren hjelper til om nødvendig. Kan mestre enkle, rutinemessige utvekslinger uten særlig anstrengelse, og kan stille og svare på spørsmål og utveksle ideer og informasjon om kjente emner i forutsigbare, dagligdagse situasjoner.
	Kan kommunisere i forbindelse med enkle og rutinemessige oppgaver som krever enkel og direkte utveksling av opplysninger om kjente og rutinepregede saker i tilknytning til arbeid og fritid. Kan klare seg i svært kortfattet sosial utveksling, men forstår som regel ikke nok til å holde samtalen i gang på egen hånd.
A1	Kan samhandle på en enkel måte, men kommunikasjonen er helt avhengig av langsomme gjentakelser, omformuleringer og reparasjon. Kan stille og svare på enkle spørsmål og innlede og gi respons på enkle utsagn som har å gjøre med viktige behov, eller dreier seg om svært kjente emner.
Pre-A1	Kan stille og svare på spørsmål om seg selv og daglige rutiner med korte standarduttrykk og bruke gester for å understreke informasjonen.

Tabell 8: Generell skriftleg samhandling (HK-dir / Council of Europe, 2022:97–98).

	Generell skriftlig samhandling
C2	Kan uttrykke seg med rett tone og stil i praktisk talt alle former for formell og uformell samhandling
C1	Kan uttrykke seg klart og presist og formidle innholdet på en effektiv og fleksibel måte til leseren.
B2	Kan effektivt uttrykke nyheter og synspunkter skriftlig og forholde seg til det andre skriver.
B1	Kan formidle informasjon og ideer om abstrakte så vel som konkrete emner, sjekke opplysninger og forhøre seg om eller forklare problemer på en forholdsvis presis måte.
	Kan komponere personlige brev og korte beskjeder der man ber om eller videreformidler enkel informasjon av umiddelbar betydning, og får fram det man synes er viktige punkter.
A2	Kan komponere korte, enkle beskjeder med et fast oppsett om emner knyttet til umiddelbare behov.
A1	Kan be om eller selv oppgi personlige opplysninger.
Pre-A1	Kan gi helt enkle opplysninger (f.eks. navn, adresse, familie) som korte fraser på et skjema eller i et notat, ved hjelp av en ordbok.

Tabell 9: Digitale samtaler og diskusjoner (HK-dir / Council of Europe, 2022:102).

	Digital samhandling: Digitale samtaler og diskusjoner
C2	<p>Kan uttrykke seg klart og presist i en digital diskusjon i sanntid og bruke språket på en effektiv og fleksibel måte som passer i sammenhengen, og kan også uttrykke seg med sterke følelser og med hentydninger og spøk.</p> <p>Kan foregripe og håndtere eventuelle misforståelser (også kulturelle), kommunikasjonsproblemer og følelsesmessige reaksjoner som kan forekomme i en digital diskusjon.</p> <p>Kan raskt og enkelt tilpasse stilnivå og stil etter nettmiljø, kommunikasjonsformål og språkhandling</p>
C1	<p>Kan delta i utvekslinger i sanntid på nett med flere deltakere og forstå den kommunikative intensjonen og de kulturelle implikasjonene ved de ulike innleggene.</p> <p>Kan delta aktivt i digitale faglige eller akademiske diskusjoner i sanntid og ved behov be om og selv formulere ytterligere klargjøring av komplekse, abstrakte problemstillinger.</p> <p>Kan tilpasse stilnivå til den digitale samhandlingen og om nødvendig bevege seg fra ett stilnivå til et annet i løpet av samme utveksling.</p> <p>Kan vurdere, omformulere og utfordre argumenter i faglige eller akademiske chatter og diskusjoner på nett i sanntid.</p>

B2	Kan delta i digitale utvekslinger og knytte sine innlegg til tidligere bidrag i tråden, forstå kulturelle implikasjoner og reagere hensiktsmessig.
	<p>Kan delta aktivt i en digital diskusjon, gi uttrykk for og respondere ganske utførlig på meninger om emner man er interessert i, forutsatt at bidragsyterne unngår å bruke et uvanlig eller vanskelig språk og gir tid til å svare.</p> <p>Kan delta i digitale utvekslinger med flere deltakere og knytte sine innlegg til tidligere bidrag i tråden på en effektiv måte, forutsatt at moderator bidrar til å styre diskusjonen.</p> <p>Kan forstå når det oppstår misforståelser og uenighet i en digital samhandling og kan håndtere dette når samtalepartnerne er samarbeidsvillige.</p>
B1	<p>Kan delta i digitale utvekslinger i sanntid med flere deltakere og forstå hva den enkelte bidragsyter ønsker å kommunisere, men forstår kanskje ikke detaljene eller implikasjonene uten en nærmere forklaring.</p> <p>Kan legge ut innlegg på nett om sosiale arrangementer, opplevelser og aktiviteter, vise til vedlagte lenker og mediefiler og beskrive egne inntrykk.</p>
	<p>Kan legge ut forståelige innlegg i en digital diskusjon om et kjent emne dersom det er anledning til å forberede teksten og bruke nettbaserte verktøy for å fylle hull i språket og sjekke at det rett skrevet.</p> <p>Kan lage personlige innlegg på nett om opplevelser, følelser og hendelser og individuelle, nokså detaljerte svar til andres kommentarer, selv om begrensninger i ord-/tegnforrådet iblant medfører gjentakelser og feilformuleringer.</p>
A2+	<p>Kan presentere seg selv og mestre enkle utvekslinger på nett, stille og svare på spørsmål og utveksle tanker om forutsigbare, dagligdagse emner, forutsatt at det er nok tid til å formulere svarene og man samhandler med én samtalepartner av gangen.</p> <p>Kan lage korte beskrivende innlegg på nett med enkle, sentrale opplysninger om dagligdagse ting, sosiale aktiviteter og følelser.</p> <p>Kan kommentere andres innlegg på nett forutsatt at de er laget med et enkelt språk, reagere på video-/lydfiler som er lagt ut, og enkelt uttrykke overraskelse, interesse eller likegyldighet.</p>
A2	<p>Kan delta i en enkel sosial kommunikasjon på nettet (f.eks. sende digitale kort ved spesielle anledninger, formidle nyheter og organisere/bekreftede avtaler).</p> <p>Kan komme med korte positive og negative kommentarer på nett om lenker og video-/lydfiler som er lagt ut. Språket er enkelt, og man vil vanligvis trenge et nettbasert oversettelsesverktøy og andre ressurser.</p>
A1	<p>Kan komponere helt enkle meldinger og innlegg på nett om hobbyer og hva man liker og ikke liker osv., med svært korte setninger og ved hjelp av et oversettelsesverktøy.</p> <p>Kan bruke standardformuleringer og kombinasjoner av enkle ord/tegn for å legge ut korte positive eller negative reaksjoner på enkle innlegg på nett og lenker og video-/lydfiler disse inneholder, og kan svare på ytterligere kommentarer med standarduttrykk for takknemlighet og beklagelse.</p>
Pre-A1	<p>Kan legge ut enkle hilsener på nett ved bruk av enkle standardformuleringer og emotikoner.</p> <p>Kan legge ut enkle opplysninger om seg selv (f.eks. om man er i et forhold, statsborgerskap, yrke), forutsatt at man kan velge fra en meny og/eller bruke et nettbasert oversettelsesverktøy.</p>

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om samhandling i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:90ff; HK-dir / Council of Europe, 2022:84ff).

- Samhandling i klasserommet handlar om å skape meining saman på det språket elevane er i klasserommet for å lære seg. Korleis kan vi bruke desse klasseromsituasjonane slik at elevane utviklar samhandlingskompetanse?
- Korleis kan vi bruke internett og sosiale medium for å arbeide med interaksjon på målspråket? Del konkrete døme med kvarandre.
- Gå tilbake til avsnittet om det handlingsorienterte språksynet i Rammeverket. Lag ei oppgåve i tråd med dette språksynet som involverer samhandlingsferdigheiter.
- Kva slags rutinar i klasserommet kan du nytte for å stimulere til samhandling? Diskuter og del idear med kvarandre.

Samhandlingsstrategiar

Med eit handlingsorientert språklæringssyn der ein legg vekt på autentisk kommunikasjon, er det nødvendig å utvikle strategiar for å samhandle på målspråket. Rammeverket tek til dømes opp turtaking, det vil seie korleis ein tek ordet, innleier, held oppe og avsluttar eit bidrag i ein samtale, og korleis ein bryt inn i ein samtale på ein adekvat måte (HK-dir / Council of Europe, 2022:105). Vidare tek Rammeverket opp samarbeidsstrategiar som korleis ein gir stadfesting til ein samtalepartner, korleis ein samanfattar og knyter eigne bidrag til det nokon nettopp har sagt, eller korleis ein inviterer andre inn i samtalen og ber om klargjeringar (HK-dir / Council of Europe, 2022:105–106). I desse kategoriane er det få deskriptorar for dei lågaste nivåa, men ein kan likevel gjere elevane bevisste på enkle språkovergripande strategiar for turtaking, slik som handsopprekking.

Ein stor del av denne kunnskapen er pragmatisk og språkovergripande, men det trengst òg eit språkspesifikt vokabular og dessutan språk- og kulturspesifikke talehandlingar for å samhandle. Vidare treng vi ord for å kunne stadfeste overfor den som snakkar, at vi forstår eller ikkje forstår, slik at vedkommande kan formulere om, snakke tydelegare eller gjenta ord og frasar.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om samhandlingsstrategiar i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:102–105; HK-dir / Council of Europe, 2022:104–107).

- Korleis kan vi på forskjellige måtar be om merksemd eller ta ordet? Samle i fellesskap med kollega er eller elevar gestar og standardfrasar som de kan ha bruk for.
- Korleis kan elevane lære seg enkle teknikkar for å innleie eller avslutte ein samtale? Tenk på å bruke gestar og kroppsspråk saman med ord og uttrykk.
- Kva slags språkspesifikke lydar eller standardfrasar kan vi bruke for å vinne tid til å tenkje dersom vi vil behalde ordet?
- Finn døme på dei nemnde strategiane i filmar og videoklipp.

Mediering

Kategorien mediering omfattar både vidareformidling av informasjon eller betydingsinnhald og tilrettelegging for kunnskapstilleining og samhandling. *Vidareformidling* viser til situasjonar der vi samanfattar, gir att, tolkar eller forklarar eit meiningsinnhald for andre (eller for oss sjølve), anten på målspråket eller eit anna språk. Typiske døme på vidareformidling er tolking og omsetjing, men kategorien omfattar òg ei rekkje andre aktivitetar som kanskje er vanlegare i eit språkklasserom, slik som å skrive samandrag, gi att hovudpunkta i ei forteljing eller eit foredrag, gi att informasjon som ein har fått eller funne, etc. Vidareformidling førekjem til dømes i informasjonshøloppgåver, det vil seie par- eller gruppeoppgåver der elevane har ulik informasjon og må vidareformidle sin del av informasjonen til dei andre for at dei skal kunne løyse oppgåva. Eit døme er ei oppgåve av typen *finn fem feil*. Elevane arbeider i par og får utdelt kvart sitt bilete. Bileta er identiske med unntak av fem små detaljar – til dømes kan det liggje fem bananar på bordet i det eine biletet og fire i det andre. Elevane får ikkje sjå kvarandre sine bilete, men må vidareformidle til kvarandre det dei ser, for å finne dei fem feila.

Å leggje til rette for kunnskapstileigning og samhandling handlar om å skape gode føresetnader for omgrepslæring og anna kunnskapstileigning og for samarbeid og kommunikasjon. Det handlar om å kunne ta ei aktiv og støttande rolle i samarbeid med andre og om å kunne delta og la andre delta i diskusjon og gruppearbeid på ein konstruktiv måte i meir eller mindre krevjande gruppesamansetningar.

Når vi medierer (anten det er i form av vidareformidling eller tilrettelegging for kunnskapstileigning og samhandling), går vi altså inn i ei rolle som ein sosial aktør som byggjer bruer og hjelper til med å konstruere eller vidareformidle eit meningsinnhald. Medieringa kan vere både språkleg og kulturell. Slik hjelper vi andre med å forstå språkleg og kulturelt innhald og å kommunisere med kvarandre. Vellykka mediering krev både språkleg, sosial og kulturell kompetanse.

Vi kan mediere oss imellom på vårt eige morsmål, til dømes når ein meir språkleg kompetent person forklarar ein avansert tekst til ein annan person. Men i engelsk- og framandspråkklasserommet er det likevel naturleg å arbeide med mediering som på ein eller annan måte involverer målspråket. I mediering kombinerer vi alle dei tre andre formene: resepsjon, produksjon og interaksjon. Vi kan ikkje vidareformidle på ein fornuftig måte viss ikkje vi først har forstått, vi må kunne produsere språk for å kunne vidareformidle, og vi må interagere med den eller dei vi vidareformidlar til. Det kan likevel variere kor mange, og kva for nokon, av desse språklege aktivitetane som skjer på målspråket. Vi kan til dømes gjenfortelje innhald vi har høyrte på målspråket, på morsmålet.

Kva slags medieringsaktivitetar vi legg opp til i klasserommet, er avhengig av det språklege nivået til elevane. På nybegynnarnivå kan elevane vidareformidle til kvarandre spesifikk informasjon som dei finn på nettsider eller i brosjyrar, til dømes om togtider eller prisar på klede. På litt høgare nivå kan dei gjenfortelje innhaldet i forteljingar o.l., og på endå høgare nivå kan dei analysere litterære tekstar.

Av plassomsyn gir vi att berre skalaen for generell mediering. I Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022:108–139) finst det i tillegg ei rekkje detaljerte skalaer med deskriptorar for ulike typar medieringsaktivitetar, sorterte i tre underkategoriar: mediere tekst, mediere omgrep og mediere kommunikasjon. Døme på skalaer er deskriptorar for å forklare data, omsetje skriftleg tekst, leie gruppearbeid, notere eller analysere kreative tekstar. Dei detaljerte skalaene kan vere ein god inspirasjon når ein skal tenkje på korleis ein kan arbeide med mediering i klasserommet på ulike nivå.

Denne publikasjonen er òg eit døme på vidareformidling: Vi samanfatar kort innhaldet i Rammeverket og Companion Volume og kjem med nokre forklarande kommentarar som forhåpentlegvis kan hjelpe andre med å nyttiggjere seg desse dokumenta.

Tabell 10: Generell mediering (HK-dir / Council of Europe, 2022:109–110).

	Generell mediering
C2	Kan mediere effektivt og naturlig, innta ulike roller alt etter behov og situasjon, identifisere nyan-ser og forbehold, samt å styre en vanskelig eller følsom diskusjon. Kan med et klart, flytende, strukturert språk redegjøre for hvordan faktaopplysninger og argumenter er framlagt, og presist videreformidle vurderinger og de fleste nyanser og under-streke sosiokulturelle implikasjoner (f.eks. bruk av stilnivå, underdrivelser, ironi og sarkasme).
C1	Kan mediere effektivt, bidra til å opprettholde positiv samhandling ved å tolke ulike perspektiver, håndtere tvetydig-heter, foregripe misforståelser og gripe taktfullt inn for å få samtalen inn på rett spor. Kan bygge på ulike bidrag i en diskusjon og stimulere til resonnering med en rekke spørsmål. Kan klart og flytende med et velstrukturert språk formidle de viktigste poengene i lange, komplekse tekster selv om de ikke er knyttet til eget interessefelt, også evalueringse aspekter og de fleste nyanser.
B2	Kan etablere forhold som legger til rette for å dele tanker og diskusjon av vanskelige problemstil-linger, ved å vise forståelse for ulike perspektiver, oppmuntre andre til å utforske problemstillinger og følsomt justere måten man uttrykker ting på. Kan bygge på andres ideer og foreslå måter å komme videre på. Kan formidle hovedinnholdet i velstrukturerte, men lange og komplekse tekster om emner som er innen ens faglige, akademiske eller personlige interessefelt, og klargjøre samtalepartnerens meninger og hensikter.
	Kan samarbeide med personer med ulik bakgrunn, skape en positiv atmosfære ved å støtte, stille spørsmål for å identifisere felles mål, sammenligne alternativer for hvordan målene kan oppnås, og begrunne forslag til neste steg. Kan videreutvikle andres ideer, stille spørsmål for å få fram reaksjoner og andre vinkler og foreslå en løsning eller neste steg. Kan formidle detaljerte opplysninger og argumenter nøyaktig, f.eks. de viktigste poengene i komplekse, men godt strukturerte tekster som er av faglig, akademisk eller personlig interesse.
B1	Kan samarbeide med personer med en annen bakgrunn, vise interesse og empati ved å stille og svare på enkle spørsmål, komme med forslag og kommentere forslag fra andre, spørre om de andre er enige, og foreslå alternative tilnærminger. Kan formidle hovedpunktene i lange tekster som er uttrykt med et ukomplisert språk, om emner av personlig interesse, forutsatt at det er mulig å sjekke betydningen av enkelte uttrykk.
	Kan introdusere personer med ulik bakgrunn, gi uttrykk for forståelse for at visse saker kan oppfattes ulikt, og invitere andre til å bidra med sin ekspertise og erfaring. Kan formidle informasjon som er gitt i klare, strukturerte informasjonstekster om emner som er kjent, av personlig interesse eller aktuelle, selv om mangler i ord-/tegnforrådet iblant medfører formuleringsproblemer.
A2	Kan ha en støtterolle i en samhandling, forutsatt at andre deltakere snakker/tegner langsomt og hjelper en til å bidra og formulere ens forslag. Kan formidle relevante opplysninger som er gitt i klart strukturerte, korte, enkle informa-sjonstekster, forutsatt at teksten handler om konkrete, kjente emner og er formulert med et enkelt dagligdags språk.
	Kan bruke enkle ord/tegn for å be noen om å forklare noe. Kan oppfatte når det oppstår vansker, og med enkelt språk gi uttrykk for hva problemet er. Kan formidle hovedpunktene i korte, enkle samtaler eller tekster om hverdagslige emner av umiddelbar interesse så lenge de er klart uttrykt med et enkelt språk.
A1	Kan bruke enkle ord/tegn og gester for å vise interesse for en idé. Kan formidle enkle, forutsigbare opplysninger av umiddelbar interesse, fra korte, enkle skilt og oppslag, plakater og programmer
Pre-A1	Ingen deskriptor foreligger

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om mediering i Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022:107ff).

- Er det oppgåver du alt bruker i språkundervisninga, som inneber mediering? Del døme med kvar andre.
- Kva forbindelseslinjer ser du mellom mediering slik det er beskrive i Rammeverket, og interkulturell forståing?
- Sjå på deskriptorane for å leie gruppearbeid (HK-dir / Council of Europe, 2022:133). Korleis er de skriptorane relevante for deg som lærar i språkklasserommet? Kva frasar og formuleringar på målspråket kan du bruke når du skal leie gruppearbeid?
- Sjå på deskriptorane for å samarbeide om å skape mening (HK-dir / Council of Europe, 2022:130). Kva for ein plass kan aktivitetar som handlar om dette, ha i språkklasserommet?

Strategiar for mediering

Sjølv om elevane kan involverast i enkle medieringsaktivitetar heilt frå starten av, er det læraren som er den mest sentrale vidareformidlaren/mediatoren i språkklasserommet. Læraren presenterer og forklarar språklege tekstar og omgrep og legg til rette for respektfullt samarbeid i meir eller mindre kulturelt heterogene klasserom. Medieringsstrategiane som er omtalte i Rammeverket, er derfor særleg aktuelle for læraren. Det finst deskriptorar for korleis ein skal byggje på forkunnskapane til mottakaren (eleven), tilpasse språkbruken til mottakaren sitt nivå og stykke opp kompleks informasjon i handterbare bitar.

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om medieringsstrategiar i Companion Volume (HK-dir / Council of Europe, 2022:139ff).

- Kva for strategiar kjenner du igjen frå di eiga rolle som lærar i klasserommet? I kva grad bruker du desse strategiane på ein gjennomtenkt og bevisst måte?
- Kan nokon av medieringsstrategiane vere relevante for elevane? I kva situasjonar og på kva nivå?

Kommunikativ språkkompetanse

Resepsjons-, produksjons-, samhandlings- og medieringsferdigheiter som lesing, lytting, snakking og skrivning blir i Rammeverket kalla kommunikative språkaktivitetar. Rammeverket omtaler i tillegg kommunikativ språkkompetanse, som er delt i tre underkategoriar: lingvistisk, sosiolingvistisk og pragmatisk kompetanse. Desse tre kategoriane er ulike aspekt av det vi kallar kommunikativ kompetanse.

Lingvistisk kompetanse omfattar ordforråd, grammatikk og uttale. Sosiolingvistisk kompetanse dreier seg i stor grad om situasjonstilpassing – kva for tiltaleformer er passande, kor formelt skal språket vere, osv. – men òg om kjennskap til dialektar, aksentar og sosiolektar. Pragmatisk kompetanse handlar om å meistre språket i bruk og blir i sin tur delt inn i diskurskompetanse og funksjonskompetanse. Diskurskompetanse handlar mellom anna om å kunne skape samanheng i tekst og tale, til dømes gjennom fornuftig bruk av avsnittsinndeling og bindeord, eller om å meistre det å ta ordet i ein diskusjon eller opne og avslutte ein samtale. Funksjonskompetanse handlar om å kunne utføre ulike språkhandlingar, til dømes be om råd, spørje etter informasjon, forklare noko, avslå ein invitasjon eller introdusere andre for kvarandre.

Skalaene for resepsjon, produksjon, samhandling og mediering beskriv ulike aspekt ved det å kunne meistre språket i bruk. Pragmatisk kompetanse er derfor i stor grad dekt av desse beskrivingane. Eit døme er skalaen med deskriptorar for turtaking, som finst både under samhandlingsstrategiar og pragmatisk kompetanse (HK-dir / Council of Europe, 2022:105, 166). Skalaen beskriv kompetanse i å kunne innleie, bryte inn i og avslutte samtalar, noko som inneber både kompetanse i munnleg samhandling og pragmatisk kompetanse.

Dei overordna skalaene for lingvistisk og sosiolingvistisk kompetanse er gitt att nedanfor. I tillegg inneheld Rammeverket meir detaljerte skalaer for ulike aspekt ved mellom anna leksikalsk, grammatisk, fonologisk og ortografisk kompetanse (HK-dir / Council of Europe, 2022:155–162). Ein finn òg skalaer for ulike element av pragmatisk kompetanse som ikkje nødvendigvis er dekte av skalaene for språklege aktivitetar og strategiar (HK-dir / Council of Europe, 2022:164–170).

Rammeverket framhevar tydeleg at vi ikkje kan sjå dei tre aspekta av språkleg kompetanse som separate einingar. Dei glir over i kvarandre og verkar saman. Eit kvardagsleg døme som illustrerer dette, er det å skulle bestille på restaurant i eit fransktalande land. I ein slik situasjon må språkbrukaren (restaurantgjesten) meiste det å få kontakt med servitøren og utføre ei bestilling (pragmatisk kompetanse), innleie med passende tiltaleform som *Monsieur* eller *Madame* og velje *vous* (De) framfor *tu* (du) (sosiolingvistisk kompetanse), bøye verbet etter det valde pronomenet, kjenne til dei orda han eller ho treng, og dessutan vite korleis orda skal uttalast (lingvistisk kompetanse).

Historisk sett er lingvistisk kompetanse ofte blitt behandla «for seg» i undervisninga, lausriven frå kommunikative aktivitetar og gjennomføring av oppgåver (*tasks*). Ifølgje det handlingsorienterte språklæringsynet som er lagt til grunn i Rammeverket og norske styringsdokument, er det betre å arbeide med lingvistisk kompetanse i direkte tilknytning til språklege aktivitetar og oppgåver. Det er gjennom å bruke språket i ulike situasjonar at ein får trent opp den sosiolingvistiske og pragmatiske kompetansen sin, samtidig som ein får konsolidert og kanskje utvida den lingvistiske kompetansen, ofte ved hjelp av ein kommunikasjonspartner. Når ein bruker språket aktivt, oppdagar ein òg raskt dei språklege kunnskapshøla sine og kva ein treng å lære. Å oppleve eit reelt behov for å lære seg ord, uttrykk og strukturar kan ha ein positiv innverknad på motivasjonen for faget.

Det å nytte språkleg kompetanse i ulike realistiske situasjonar er altså heilt essensielt i eit handlingsorientert perspektiv. Elevane skal gjennomføre handlingar og løyse oppdrag på målspråket, og dei må då ta i bruk den språklege kompetansen sin. Det å lære seg lister med ord eller gjere grammatiske utfyllingsoppgåver har avgrensa verdi med mindre dei lærte orda og grammatikkreglane blir tekne i bruk gjennom ein kommunikativ aktivitet òg. I den handlingsorienterte tilnærminga til språklæring som Rammeverket representerer, heiter det faktisk at kompetanse eksisterer berre gjennom handling (HK-dir / Council of Europe, 2022:164).

For språklærarar som skal planleggje undervisning i tråd med ei handlingsorientert tilnærming, er det derfor betre å ta utgangspunkt i ein kommunikativ situasjon enn i eit grammatisk fenomen. Det er ikkje realistisk å skulle leggje opp til berre autentiske kommunikasjonssituasjonar i klasserommet. Både språklærarar og elevane må akseptere at vi òg bruker språket i konstruerte situasjonar der vi vel å kommunisere på eit språk vi ikkje fullt ut meistrar, heller enn å kommunisere på eit felles språk som vi alle er sterkare i. Simulering og rollespel er framleis nyttig i klasserommet, og elevane har sjeldan problem med dette sidan målet er målspråkbruk i autentiske situasjonar.



“Sorry to interrupt, but you’ve got subject-verb disagreement in the third stanza.”

Grammatikk er viktig, men ikkje i absolutt alle situasjonar.

Copyright (c) 2010 Robert Leighton

Tabell 11: Generelt lingvistisk spekter (HK-dir / Council of Europe 2022:155).

	Generelt lingvistisk spekter
C2	Mestrer et svært stort språklig repertoar godt og kan bruke det til å formulere tanker presist, poengtere spesielle punkter, få fram nyanser og unngå tvetydighet. Viser ingen tegn til å måtte begrense det hun/han ønsker å si.
C1	Kan bruke et bredt spekter av komplekse grammatiske strukturer korrekt og med betydelig fleksibilitet. Kan velge egnede formuleringer fra et stort språklig repertoar til å uttrykke seg klart og uten å måtte begrense det man ønsker å si.
B2	Kan uttrykke seg klart og uten å vise særlig tegn på å måtte begrense det hun/han ønsker å si.
	Har et tilstrekkelig språklig repertoar til å kunne gi klare beskrivelser, uttrykke synspunkter og utvikle argumenter uten å måtte lete påfallende mye etter ord/tegn, og bruker da enkelte komplekst oppbygde setninger.
B1	Har et tilstrekkelig språklig repertoar til å beskrive uventede situasjoner rimelig presist, forklare hovedpunktene i en tanke eller et problem og uttrykke meninger om abstrakte eller kulturelle emner som musikk og film.
	Har et stort nok vokabular og gode nok ferdigheter til å snakke om emner som familie, hobbyer og interesser, jobb, reiser og aktuelle tema, om enn nølende og med omformuleringer, må gjenta seg selv og får iblant formuleringsproblemer på grunn av begrensninger i vokabularet.
A2	Har et elementært språklig repertoar som gjør at man kan mestre hverdagslige, forutsigbare situasjoner, enda man vanligvis må lete etter ord/tegn og ikke får sagt alt man hadde på hjertet.
	Kan bruke korte, dagligdagse uttrykk for å få oppfylt enkle, konkrete behov, enten det dreier seg om personlige ting, rutiner i hverdagen, ønsker eller praktiske opplysninger.
	Kan bruke elementære setningsmønstre og snakke ved hjelp av innlærte fraser, faste uttrykk og grupper av ord/tegn om seg selv, om andre mennesker og hva de driver med, og om steder, personlige eiendeler osv. Har et begrenset repertoar av korte, innlærte fraser som dekker forutsigbare situasjoner i hverdagen. I uvante situasjoner forekommer det ofte kommunikasjonsbrudd og misforståelser.
A1	Har et svært elementært repertoar av enkle uttrykksmåter som beskriver personlige småting og konkrete behov. Kan bruke enkelte grunnleggende strukturer i enkle setninger, med enkelte utelatelser og forenklinger.
	Pre-A1 Kan bruke enkeltord og grunnleggende uttrykk for å gi enkle opplysninger om seg selv.

Tabell 12: Rett tilpassa språkbruk (HK-dir / Council of Europe 2022:163–164).

	Sosiolingvistisk kompetanse: riktig tilpasset språkbruk
C2	<p>Kan mediere på en effektiv og naturlig måte mellom målspråksbrukere og folk fra sitt eget språksamfunn, og kan ta hensyn til sosiokulturelle og sosiolingvistiske forskjeller.</p> <p>Har god kontroll over idiomatiske og alminnelige uttrykk, og kjenner til ulike konnotasjoner.</p> <p>Får med seg praktisk talt alle sosiolingvistiske og sosiokulturelle undertoner i språket som brukes av avanserte målspråksbrukere, og kan reagere ut fra dette.</p> <p>Kan effektivt utnytte, både muntlig og skriftlig, et bredt spekter av avansert språk for å styre, argumentere, overbevise, fraråde, forhandle og gi råd.</p>
C1	<p>Kjenner igjen en lang rekke idiomatiske uttrykk og alminnelige vendinger og registrerer endringer i stilnivået. Kan likevel ha behov for å få stadfestet visse detaljer, særlig hvis dialekt/aksenten er uvant.</p> <p>Kan forstå humor, ironi og implisitte kulturelle referanser og oppfatte betydningsnyanser.</p> <p>Kan følge med på filmer der det brukes mye slang og idiomatisk språkbruk.</p> <p>Kan bruke språket fleksibelt og godt i sosiale sammenhenger og mestrer også følelsespreget språkbruk, hentydninger og spøk.</p> <p>Kan tilpasse graden av formalitet (stilnivå og stil) etter den sosiale konteksten: formell, uformell eller dagligdags, og holde seg på samme stilnivå.</p> <p>Kan komme med kritiske kommentarer eller uttrykke sterk uenighet på en diplomatisk måte</p>
B2	<p>Kan med litt strev bidra aktivt i gruppediskusjoner, selv om det snakkes fort med et hverdagslig språk.</p> <p>Kan forstå og tolke sosiokulturelle/sosiolingvistiske signaler og bevisst tilpasse egne språklige uttryksmåter for å uttrykke seg slik det passer i situasjonen.</p> <p>Kan opptre med selvtillit og uttrykke seg tydelig og høflig på et formelt eller uformelt stilnivå som egner seg i situasjonen og overfor de tilstedeværende.</p>
	<p>Kan tilpasse uttrykksformen slik at det blir noe forskjell på formell og uformell stil, men treffer ikke alltid.</p> <p>Kan uttrykke seg på en passende måte i ulike situasjoner og unngå grove feilformuleringer.</p> <p>Kan opprettholde relasjoner til målspråksbrukere uten at man utilsiktet morer eller irriterer dem eller får dem til å oppføre seg annerledes enn de ville gjort sammen med andre avanserte mål-språksbrukere.</p>
B1	<p>Mestrer en lang rekke språkfunksjoner både aktivt og passivt, og kan bruke de uttrykksmåtene som er vanlige på et nøytralt stilnivå.</p> <p>Er klar over viktige høflighetskonvensjoner og kan oppføre seg i samsvar med dem.</p> <p>Er klar over og prøver å registrere viktige forskjeller mellom det aktuelle språksamfunnet og sitt eget når det gjelder skikker, holdninger, verdier og livssyn.</p>

A2	Mestrer elementære språkfunksjoner aktivt og passivt, f.eks. forespørslar og utveksling av opplysningar, og kan gi uttrykk for meninger og holdningar på en enkel måte.
	Kan klare seg sosialt ved å bruke de enklaste uttrykkene i dagligspråket og følge grunnleggjende rutiner.
	Kan klare seg i svært korte sosiale utvekslingar ved å bruke vanlige, høflige hilsener og tiltale-former. Kan komme med og svare på invitasjonar, forslag, unnskyldningar osv.
A1	Kan etablere enkel sosial kontakt ved hjelp av de aller enklaste og vanligste høflighetsformene, som hilsener og avskjedsfraser, og kan presentere seg og si takk, unnskyld osv.
Pre-A1	Ingen deskriptor foreligger

Refleksjons- og diskusjonsspørsmål

Les meir om lingvistisk kompetanse i Rammeverket (Udir / Council of Europe, 2011:131ff; HK-dir / Council of Europe, 2022:153ff).

- Korleis kan du arbeide med 1) ordforråd, 2) grammatikk og 3) uttale innanfor ramma av handlingsorienterte kommunikative aktivitetar? Foreslå ein aktivitet (reseptiv, produktiv, interaktiv eller medierande) for ei tenkt elevgruppe der du legg spesielt vekt på 1) ordlæring, 2) eit grammatisk fenomen og 3) uttale.
- Kva typar sosiolingvistisk og pragmatisk kompetanse må elevane ha for å kunne gjennomføre dei aktivitetane og oppgåvene du foreslo ovanfor? Tenk igjennom korleis du kan introdusere og kaste lys over dei ulike kompetansetypane for elevane. Del oppgåveforslaga og refleksjonane med kollegaer.

Rammeverket i klasserommet

Ved hjelp av Rammeverket kan du gjere både deg sjølv og elevane meir bevisste på eiga språkutvikling. Begynn med døma på deskriptorar som er gitt i denne guiden, og bruk dei til å vurdere din eigen språklege kompetanse og elevane sine ulike kompetansar i det aktuelle språket. Vel éin skala om gongen og reflekter for deg sjølv eller saman med elevar eller kollegaer:

- På kva for eit nivå på skalaen vurderer du at du sjølv er?
- På kva for eit nivå vurderer du at dei fleste av elevane i undervisningsgruppene dine er? Kom gjerne med konkrete døme frå elevarbeid for å grunngi vurderinga.
- Diskuter med kollegaer i engelsk og framandspråk og samanlikn dei forskjellige elevgruppene. Kva likskapar og forskjellar finn de mellom dei ulike språkfaga og/eller mellom ulike elevgrupper?
- La elevane vurdere sitt eige nivå i undervisningsspråket, og samanlikn det med nivået dei har i andre språk (inkludert morsmålet).
- Gå eventuelt tilbake til originaldokumenta og bruk deskriptorane til å vurdere dine eigne og elevane sine ferdigheiter meir detaljert med omsyn til ulike typar kompetanse.

Arbeid med språkleg medvit

I Rammeverket finn vi ord og omgrep som vi kan bruke når vi skal snakke om læring, undervisning og vurdering av språk. Ved å integrere Rammeverket i språkundervisninga kan vi bidra til å auke det språklege medvitet til elevane og dermed støtte læringa deira. «Kan gjere»-formuleringane til deskriptorane er meir eller mindre konkrete mål som kvar enkelt bør kunne kjenne seg att i. Det er meir meningsfullt og motiverande å peike på kva ein kan, enn kva ein ikkje kan.

Rammeverket kan òg brukast for å tydeleggjere viktige samanhengar mellom kompetansemål, undervisning og vurdering: Erickson (2016:9) påpeiker at «[e]lever ska inte behöva gissa vad kunskapen handlar om eller hur den värderas». Vi bør ikkje sjå på dei enkelte deskriptorane som sjekklister, men bruke dei i undervisninga for å tydeleggjere for elevane kvifor vi gjer det vi gjer, og på kva grunnlag du vurderer prestasjonane deira. Jo meir du som lærar kan konkretisere og spesifisere deskriptorane, desto lettare blir det for eleven å relatere dei til sin eigen kunnskap. Erickson (2016:9) understrekar vidare at «det som bedöms måste ha tydlig och god förankring i den ämnes- och kunskapssyn som uttrycks i styrdokumentet, bedömningar måste präglas av stringens och konsekvens, den etiska aspekten måste vara tydlig och respekt genomsyra hela processen».

Forslag til aktivitetar for å gjere elevane meir språkleg bevisste

La oss først sjå på eit døme på deskriptorar for munnleg produksjon, under tittelen «Lengre monolog: å beskrive ei erfaring» (tabell 13). Vi ser nærmare på pre-A1, A1 og A2, altså dei nivåa som oftast er aktuelle i framandspråkfaget i norsk skule og på barnetrinnet i engelskfaget.

Presenter deskriptorane for elevane. Gi elevane i oppgåve (enkeltvis eller parvis) å vurdere kva rute dei er i. La dei «bevise» dette gjennom å snakke med utgangspunkt i eit bilete (av ein person, ein stad eller ein situasjon) eller eit videoklipp.

Be elevane komme med døme på oppgåver dei har gjennomført, og som rettar seg mot nokre av dei spesifikke deskriptorane («kan gjere»-innhald). Be dei vere kreative og foreslå oppgåver som kan få dei til å begynne å arbeide med eit «kan gjere»-innhald over det nivået dei er på.

Be dei deretter tenkje over

- om deskriptorane seier noko om grammatikk (til dømes nekting, samanlikning, tempus)
- om deskriptorane seier noko om førebudd eller spontant språk
- kva deskriptorane seier om kroppsspråk

Tabell 13: Lengre monolog: å beskrive ei erfaring, Pre-A1-A2 (HK-dir / Council of Europe, 2022:74–75).

	LENGRE MONOLOG: å beskrive en erfaring
